Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68 Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Jølster

Emne: Bålbrenning Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Sverre Myklebust Gard: Veiteberg

(adresse): Veiteberg G.nr. 18 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Husmann A. K. Veiteberg 82 år m. fl.

SVAR

Namn:

1 I vår bygd heiter det å brenne priselden. Dei lagar ei svær såte av eine og kveilager i eller set fyr på jonsokkvelden.

Her på garden Flatjord ligg Bris-sveene tett ovanfor bø-garden, og her brende dei pris-elden på denne garden og Veite-bergsbakken (2 bruk). Elles kallar dei det å gjere opp varme ute og å loge, når ein skal lyse opp eller lystre etter fisk, t. d. Gjorde opp eld ute mot frost-tåka rundt åkrane om hausten. Elles tala ein om å gjere elde i elljusel eller under kjelen ute. I seinare tider brenner ein store tros-dungar om våren, og potetgras på jordet – ei slags brotebrenning. „Eg kjende inkje til onnor brenning enn likhalmen dei brende i fordeferd(B) Eit lite bål: varme ell elde. Loge er større

14232

Ti Dr:

Ingen kjenner til å brenne bål ved
jul-, påske ell pinstid. Det var
jonsokaftan, stundom jonsokdag eller
syftesokeaftan ell. syftesokedag
om veret var ufyse jonsokaftan.
Olsok-aftan har vore prøvt i
siste mannsalder utan at det har
slege gjennom. Her har læraren
prøvt med slik høgtiding på Brisse-
ene i siste verdskrig og på Storekleiva
i lag med ungdomslaget i 1950 åra.
Ikkje nokor serleg brenning med
stilsferd, utan det borna driv med
ved ei slik høgtid. Når eg gjætte
heime på bøen, tulla eg mykje med
å gjere opp eld for tidsfordriv;
utan at det låg nokor meining bak (A)
Ikkje dreiv ein kreatur gjennom røyk
ell. gjorde opp bueld ved grindane.
Men mot bjørn og ulv laga dei.
På Veiteberg-Storekleiva-fekk dei ikkje
kveikje priselden ei jonsokaftan for
styggever. Men jonsokdag hadde
næraste grannelaget i aust stukke
varme på han, som fyrst skulle
vore kveikt syftesokedag.
Ein drygde litt med å kveikje
priseldin, gjerne til kl. 11, så det
vart bra mørkt. Elles ville ein
ikkje vere fyrst. „Vi gjorde fant:
Kveikte narre-eldar, så andre
lag kveikte sin fyrst. Men vi
vart og narra av dei. På Veiteberg
hadde vi ei bra tåte, når vi som var

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14232

 

så mange arbeidde i 14 dagar føreåt, tildels med hest; både gubbar og gjenter - stundom var drengjer og tauser og med og bygde priselden. Vår priselde skulle vere den største Og for at han ikkje skulle brenne for snøgt ned, spedde vi på med friske eine som vi reiv opp eller kvart. Priseldane som dei byggjer no er ingenting mot dei vi hadde Han skulle loge bra, men vart det for svart, prøvde vi å døyve litt med orebuskar og rå eine som rauk svart. Gutane freista å springe gjennom røyken og råge seg så nær elden som råd var. Dei slo i haugen med sviper, så det gneista og spraka. Elles så skulle dei kakke gombee på glørne, så dei stulla der heile natta." (B.)

Staden:
På Åmot og Fonn brende dei bål ned vegen på Åmotsanden.
Øygarden og Haugen brende på — " — eller Øykegardshaugen, skiftevis.
Veiteberg heldt seg like ved i sin krins, på Stonekleiva, eller stundom i fremste marka, på Gardsbøylen, men der nytta eigaren opte einen sjølv til gardvande (å gjere gard med; reagard)
Kosten av Veiteberg, - Bakken var i lag med Flatjord og Heggheim på Brissve-eire
Bolset brende på Gråbeinsflata

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
14232

der dei såg godt til Klakegg i aust og Storemyra, der Skei hadde sin. Kvart grannelag på 5-8 bruks brende for seg før. No samlast heile Stardalen på Stoneskleiva der ungdomslaget har programmet - Bolset og Klakegg er saman i ung. laget.

Wei som stelte med bålet:
Det var største borna og ungdomen som skipa til priselden. No kan og gifte karar vere i ungdomslaget og få det til. Men småborn lagar gjerne til bål for seg sjølv, på dei gamle brennestadane, i lag med foreldra.
Då Sande var lærar her i 1890 åra, kom han i skinnbrokar til fars og med militærlue på seg, som oppsyns=mann i lag med gamlekarane og vi laga eine ved Runesteinen i Bakkemarka, der var då nygje eine. Om jonsokkvelden leika vi på Vollen ved skulehuset, der vi hadde mat og fest (ungdomslaget)

Korleis bålet vart bygt:
Eg var med og tok opp ein brennestad eit stykke frå den gamle 1911. Fyrst retta vi opp grunnen med stein, så byggjeflata vart jamn, og priselden kunne stå støtt. Så hogg vi ei veldig bjørk, som vi kvista nest til tops, og freista støyte så kraftig i jorda at han kunne stå. Men likevel måtte vi bardunere han kraftig, så vind og ver ikkje skulle velte priselden.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14232

Elles minnest og helst ein steinring
ved gamle brennestaden og ein
offer stein, Alslosteinen, ved sida.
Ved jålsbervatnet kom ein
loge priseld av rekved og ymse
rötved, av björk og ore, kanskje
gamle båtar og tjöretunner. Men
elles er det einer som er brukt
alle staber. Og han tok ein utan
omsyn, og den ore og björka som
trongs. Og hestar og köyreeiskap
tok ein der dei fanst.
Ein kjöpte aldri noko vyrke her
til bålet eller laga figurar.

Korleis bålet skulle vere:
Priselden skulle vere stor,
större enn andres, og vere fint
bygd som ein jamn topp,
med björketopp överst. Det gjeldt
han lyste svarare enn andre sin.
Dei tilsa og han rauk bra, og kasta
inni rå eine og orebuskar. När dei
kasta inni meir eine og brandar,
loga det opp med gneistregn. Det
var moro. Dei slo i bålet med
pisker. Smågutane sprang gjennom
der dei våga, for skorne sine. Elles
gjenta dei og kvenfolke.

Kva bålet skulle tene til:
Det var vel ei prising av lyset
og motvekt til mörkret som trugar
att. Dei kasta og brandar. Det var
ofte gaukestykke. Såleis gjorde
Lauris Höyvik på Orskogardshaugen

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14232

Der sette dei eld på marka, så
vi vart kalla inn for å slökkje
dagen etter. Vi kasta skorne, og
slökte brennfötte. Etterpå kunne
vi ikkje få på oss skorne av di
det var blörer på fötene. - Elles var
vi aldri ilag med dei karane om
priselden.

På Brisvaene tok det og
fyr, då dei türke året 1901 våga
seg til å kveikje priselden, endå
husbonden let dei koke gombe
heime, fordi dei skulle la vere.
Der var ikkje vatn å slökkje med
Vi brukte orekallar til slökkje med.
Meieristen hadde ein björnefeld
som ein av gutane tok på seg
og andre gutar gjekk på björne-
jakt og skaut og drap.

Sjölve festen med bålet:

Det kallast å brenne priselde,
halde jonsokmoro. Det var ung-
domen som stelte opp, såleis
heime på Myklebost. Dei eldre
heldt seg alltid heime. Men godkjende
at dei unge og borna vakte den
natta. Men her i Stordalen der ung-
domslaget skipar til med song
andakt - foredrag, opplesing -
song av kora og jonsokbrurefylgje
med spelemann og brurétaler,
möter jamvel 80 åringer.

Ein vakte heile natta, for
ein skulle koke gumlee på glöene
Det vert nok litt lite om kokt
gumlee, så ofte kokte dei den

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14232

heime. Og då dei fekk separator i 1890 åra, minka det med denne gumbe-kokinga. Men dei snakka stôtt om det heime at ein skulle havt gumbe jonsokkveld. No er det meir vanleg med gumbe att. Men så har det gått attende med å koke jonsokgraut, som vi alltid hadde jonsokdag til middag: rjomegraut." (B.)

I seinare år kokte ein gumbe i lag på gardane og tok med: Ein opa 4-5 liter mjølk på kvart hus. Seinare kokte kvar huslyd for seg, då ein fekk el. komfyr. No vert det helst kaffien som er mest vanleg, og ein tek med seg gumbe, vafflor, lefser og stainer. Elles er det 'ikkje maten som er det viktigaste. Heller ikkje alkohol. Når ein ser Astrups jonsokbål, er mannen med flaska i framgrunnen. Dette er ikkje serleg karakteristisk, men der som mykje folk samlast, kan det og i våre dagar møte slike. Jonsokkvelden er det den barnslege moro som råder.

Vi tok 3. mann i vinden. Og det gjer dei enno. Vi tok ikkje til å danse før grannaguten fekk laga seg ei fele. fyrste gongen med boge av bjørketagl. Dei dansar i marka ute, eller ~~i~~ på Lôlåven. Ja, vi drog like på stølen for å danse i eit nytt sel, før dei var komne på stølen. Det var 1916 på Myklebost. Eg var skulegut, 14 år, og var med

[illegible] NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14232

Skikken i dag:

Bålbrenninga er omlag som før. Litt mindre planfast, sume stader meir som ungdomsmøte med vitjingar frå næraste grend. Kanskje meir utkleding av jonsokbrurer no enn før. Før var det slik på Bolset at vi kledde oss ut, så snart blomane kom ny utover sumaren, som born. Jonsoknatta er det ungdomen som kleder seg ut.

Det er så sjølsagt med jonsokbål, og ein legg i det vanleg lyset sin siger og kamp mot mørkeret. Det er ein ålvorleg stemning, trass i den lyse sommarnatta: No har sola snudd. Den stutte sumaren kulminerar alt. Ungdomslaga har eit serleg godt høve til å samle mykje folk til programmet sitt. Det er ikkje så lett i sumarstida, då det er så mange møtestemner kvar helg.

Då det brann på Øyslje-gardshaugen 1880 åra, laga dei ei vise om dette:

„Sjå no inn på Øysleg.haugen
Der står raude varme-logen.
All den røyk som der opp står.
Det er meir enn folk forstår.
Søndags-morgon, dagen etter
Sprang vi til stedet med alle krefter.
for å slökkje elden bort.
Det var ikkje greitt å få gjort."
(av Anton Øygard og Nikolai Haugen)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 14232